



VANYLVEN KOMMUNE

Serviceforset

200801536-24
KSK/R1W1 312

NVE, Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Saksnr	Lopenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2015/25	4390/2015 / S10		SER / KOLTER	19.08.2015

MELDING OM VEDTAK

Myklebust sameige - Røfsdalselva kraftverk - søknad om løyve til å byggje kraftverk - avgrensa høyring.

Formannskapet handsama i møte den 18.08.2015 –sak 102/2015. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune tilrår at det vert gitt ny konsesjon til utbygging av omsøkt tiltak.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
Konsulent

Kopi: Myklebust elveeigarlag v/Leon Stranden, 6140 Syvde



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2015/25	<i>Arkiv:</i> S10	<i>Avd/Saksansv:</i> TEK/KOLTER
---------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr 102/2015	Utval Formannskapet	Møtedato 18.08.2015
--------------------------------	-------------------------------	-------------------------------

Myklebust sameige - Røfsdalselva kraftverk - søknad om løyve til å byggje kraftverk - avgrensa høyring.

Tilråding:

Vanylven kommune tilrår at det vert gitt ny konsesjon til utbygging av omsøkt tiltak.

Vedlegg

- 1 Røfsdalselva kraftverk - Angående utgått konsesjon. NVEs referanse: 200801536-19
- 2 NVE 200801536-23 - Begrenset høring - Røfsdalselva kraftverk i Vanylven kommune i Møre og Romsdal
- 3 Rapport
- 4 Ny konsesjonssøknad Røfsdalselva kraftverk
- 5 NVE 200801536-23 - Begrenset høring - Røfsdalselva kraftverk i Vanylven kommune i Møre og Romsdal

Saksopplysningar:

Røfsdalselva kraftverk fekk konsesjon i 2009, og søkjer nå om fornying av utgått konsesjon. Søknaden er lik med unntak av økt slukeevne i kraftverket, lågare minste driftsvassføring og ny inntaksløysing for å ta i vare anadrom fisk i elva.

Vanylven kommune handsama søknad om konsesjon i august 2008, der kommunen fatta slikt vedtak:

Vanylven kommune tilrår at det vert gitt konsesjon til utbygging av omsøkt tiltak.

Saka skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurlova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter "forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover". Søknaden med vedlegg vert lagd på www.nve.no/konsesjonssaker Søknaden vert ikkje kunngjort av NVE sidan dette er ei avgrensa høyring.

Vurdering og konklusjon:

Kommuneplanen er godkjent mars 2014, det ligg ikkje noko utgreiing i plana om kraftutbygging av Røfsdalselva, men i Samfunnsdelen er det under kapitel Miljø- og ressursforvaltning er det slått fast at: Målsettinga skal vere ein vesentleg del av energibehovet i framtida skal dekkast av fornybare kjelder. I denne samanheng legg kommunen opp til å vere aktiv. Det kan i denne samanheng nemnast at ein tidlegare har utgreidd moglegheiter for utbygging av småkraftverk. Fleire aktuelle prosjekt vart då påviste og fleire er allereie bygd. Røfsdalselva var då også ein av dei vurderte. Røfsdalelva har fått tidlegare konsesjon og vurdert då. Det omsøkte prosjektet har brei grunneigarsemje om utbygging. Ved søknad om bygging er kommunen innstilt på å gje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, jf. Samfunnsdelen i kommuneplanen kapitel Miljø- og ressursforvaltning.

Vurdering av tiltaket i forhold til Naturmangfaldlova:

Vi meiner at § 8 er oppfylt. Tiltaksområdet er synfare i felt av biolog og det er gjort ein vurdering av området sine naturverdiar med verknad på biologisk mangfald. Tiltaksområdet er forholdsvis lite og sett i ljose av § 8 som seier at "kravet til kunnskapsgrunlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet", medfører at vi også vurderar at denne delen av paragrafen er oppfylt.

Vi meiner at § 9 er oppfylt. Den sentrale ordlyden om at: "Føreligg ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap kunne brukast som grunngeving for å utsetje eller unnlate å treffe forvaltningsvedtak" vurderar vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapskapen er god nok vedrørende plan- og influensområdets naturverdiar til å seie at ein irreversibel skade på naturmangfaldet ikkje vil skje om følgje av tiltaket. Eller at tiltakets er ein belastning som ytterlegare påverkar eit allereie belasta økosystem (§ 10 Økosystem tilnærming og samla belastning). Tiltaket vurderast heller ikkje å medføre miljøtap eller skade på naturmangfaldet, jf. Naturmangfaldlova §§ 11 og 12. Det vil vere små eller ingen konfliktrar knyta mot friluftsliv og ferdsel ved å tillate tiltaket. Tiltakshavar har betalt utgreiingar om tiltakets naturverdiar kor det giast forslag på korleis naturverdiane best kan takast i vare. Tiltakshavar vil følgje opp anbefalingane i utgreiingane, dette vil vere med på å avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket volder.

Vanylven kommune ser på utbygginga som uproblematisk og tilrår at konsesjon vert gitt.

Fiskå, 24.07.2015

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Terje Kolstad
kommunalsjef

Handsaming:

Samrøystes vedtak som framlegget.

VEDTAK:

Vanylven kommune tilrår at det vert gitt ny konsesjon til utbygging av omsøkt tiltak.